

Meir enn 40 køyrety vert med i kortesjen på 17. mai.

06.05.2020



Bjørgulf Eik stiller med tre køyrety i kortesjen. Bilete syner Willys Jeep og Tempo motorsykkelen. F.v. Eirik Eik Arnevik, Tor Øystein Myklebust og Bjørgulf Eik.

**Det er enno tid til å mælda seg på til den store køyretykortesjen på Nasjonaldagen. Frammøte er på Børneset 17. mai kl. 13.30. Avreise kl. 14.00 og ruta går etter oppsett plan. Uskedalen.no har i dag møtt ansvarleg for kortesjen, Tor Øystein Myklebust, og Bjørgulf Eik, den eldste deltakarane og som har meldt på tre køyrety.**

Dei vel 40 køyretya kan grovt delast inn i fire grupper:

1. Veteranbilar
2. Veteransyklar
3. Veterantraktorar
4. Nyare traktorar

Bjørgulf Eik stiller med tre køyrety:

- Willys Jeep 1943 modell, kom til landet i 1986 og var ein del av Forsvaret i sør Noreg. Bjørgulf kjøpte jeepen i Oslo for 14 år sidan og er original stand med rett farge. Det militære køyretyet er registrert og har skiltet R-1943.
- Motorsykkelen, Tempo, 150 kubikk, kjøpt i Odda i 1954 for kr. 2.500,-, brukta i jobben Bjørgulf hadde som mjølkekontrollør fram til han fekk bil i 1977. Sykkelen er original med Sachs motor og elles alt som høyrer med. Tempoen er fullrenovert og lakkert på nytt og med nye spiler i hjula. Skiltet har nummeret R-12690
- Traktor: John Deer frå 1978. Traktoren er i dagleg bruk.

**Dei som ynskjer å delta i kortesjen, må mælda frå til Tor Øystein Myklebust på mobil 957 84 849. Køyretya bør pyntast med flagg og det ein tenkjer på med våren og 17. mai.**

Uskedalen.no føl opp denne saka med andre aktuelle deltakarar og køyrety fram mot 17.mai.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Tempo 150 kubikk motorsykkel, kjøpt i Odda i 1954 for kr. 2.500,-